

Arkiv: FA-C67
JournalpostID: 20/4567
Saksbehandlar: Hogne Haugsdal
Dato: 27.01.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
006/20	Alver formannskap	06.02.2020
	Alver kommunestyre	

Ny selskapsavtale for Interkommunalt arkiv Hordaland IKS frå 2020

Vedlegg i saken:

27.01.2020	Sak til kommunestyre i Alver kommune om ny selskapsavtale for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS frå 2020 (L)(25790)	1344329
27.01.2020	Selskapsavtale pr. 01.01.2020 IKAH	1344330

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune vedtar selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020

Alver formannskap 06.02.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 006/20 Vedtak:

Alver kommune vedtar selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020

Bakgrunn:

Den 30. april 2019 gjorde representantskapet ved Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS vedtak om og fremje forslag om endring i selskapsavtalen frå 01.01.2020. I same møte vedtok ein og framlegg til eigarbrøk samt ny tilskotsmodell.

Tilskotsmodellen tek utgangspunkt i eit grunnbeløp som er likt for kvar

eigarkommune i tillegg til eit fast kronebeløp for kvar innbyggjar ut frå tal frå SSB pr. 1. januar føregåande år. Eigarbrøk utgår frå samla innbetalt tilskot og vert justert kvart 4. år på bakgrunn i endringar, samt inn- og utmeldingar i selskapet.

Tilskot til selskapet vert i ny tilskotsmodell eit fastbeløp på 91 667 samt 3,15 kr. pr. innbyggjar. Dette medfører at Alver kommune frå 2020 skal yte eit eigartilskot på 182 639,-. Dette er ein reduksjon på 275 678,- kroner frå gamal tilskotsmodell med tre einskilde kommunar. Årsaka til reduksjonen er at, ordning av arkiv ikkje lenger vert tilbydd dekkja innanfor eigartilskotet. I staden tilbyr vi at ein teiknar eigne oppdragsavtalar kring ordning av arkiv etter behov. Lindås, Meland og Radøy kommune har allereie teikna slike avtalar. Desse vert overdregne til Alver kommune om ikkje anna vert avtalt.

Alver kommune sin eigardel i selskapet vert 6,2 % samla mot 11,75 % i gamal modell med tre einskilde kommunar. Dette skuldast at eigardelen føl eigartilskotet og at eigarbrøken deretter vert fordelt på eigarane.

Vurdering:

Om selskapsavtalen skal endrast, er det ein føresetnad at det vert gjort likelydande vedtak i samlege av eigarane sine kommunestyre. Ny selskapsavtale er ikkje gjeldande før den er godkjend i føretaksregisteret.

Om det ikkje vert vedteke ny selskapsavtale innan 1.mars 2020 vil gamal avtale gjelde og gamal tilskotsmodell vert lagt til grunn fram til ny er vedteke. Alver kommune vil då hefte for dei tre avvikla kommunane sine selskapsforpliktingar fram til ny avtale er på vedteke eller uttreden av selskapet er gjennomført.

Rådmannen rår til at kommunestyret i Alver vedtar ny selskapsavtale for Interkommunalt arkiv Hordaland IKS. Framlegg til vedtak:

- Alver kommune vedtar selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020